Utdanningsforbundet

Årsmøte 2025

Utdanningsforbundet Sula

Saksdokument

Utdanningsforbundet

Opning ved lokallagsleiar

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

Kunngjering av årsmøtet og førebels sakliste vart sendt ut per mail 07.02.2025
Innkalling og årsmøtedokument vart sendt ut 04.04.2025.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Innkallinga vert godkjend

1.2 Val av dirigent/møteleiar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
May Torvnes Dybvik vert vald som dirigent/møteleiar.

1.3 Val av referent

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Anita Molvær vert vald som referent.

Utdanningsforbundet

1.4 Sakliste

Sakliste:
Opning ved lokallagsleiar

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling
1.2 Val av dirigent/møteleiar
1.3 Val av referent
1.4 Sakliste
1.5 Val av protokollunderskrivarar
1.6 Godkjenning av møtereglement
1.7 Godkjenning av valreglement
1.8 Val av møtefunksjonærar (tellekorps)

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding
2.2 Rekneskap 2024

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Sula for komande årsmøteperiode
Sak 4 Budsjett
Sak 5 Innmelde saker
Sak 6 Val

6.1 Val av lokallagsleiar
6.2 Val av nestleiar
6.3 Val av hovudtillitsvald som styremedlem
6.4 Val av andre styremedlemmar
6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret
6.5.1 Val av 1. vara
6.5.2 Val av 2. vara
6.5.3 Val av 3. vara
6.6 Val av valkomité
6.6.1 Val av valkomité
6.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

Avslutning

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Saklista vert godkjend

1.5 Val av protokollunderskrivarar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Styret i lokallaget kjem ikkje med innstilling til vedtak. Det vert fremma forslag på årsmøtet.

1.6 Godkjenning av møtereglement

- Samansetninga av årsmøtet, jf. punkt 2 i Retningslinjer for årsmøte i lokallag - allmøte
- Dirigenten/møteleiar opnar og leiar møtet.
- Deltakarar i årsmøtet som ønsker ordet, gir melding om dette ved handsopprekking.
- Taletida er avgrensa til tre minutt. Replikk eit minutt. Den som legg fram sakane frå sakslista og medlemmane frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarliste for å svare på spørsmål eller gje saksopplysningar.
- Dirigent og deltakarar i årsmøtet kan komme med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek settast. Slike forslag takast straks opp til avstemming.
- Deltakarar i årsmøtet som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eit minutts taletid.
- Forslag i saker leverast av den som stiller forslaget.
- Alle forslag skal vere levert skriftleg og gjerast kjent før strek settast.
- Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er sett.
- Ved votering er forslaget som får flest stemmer vedtatt. Dersom forslag får likt tal stemmer, skal det gjerast loddtrekning. Personval regulerast av valreglementet.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Møtereglementet vert godkjent.

1.7 Godkjenning av valreglement

Vala gjeld for to år med verknad frå 1.august etter årsmøtet, så sant ikkje anna ordning vert vedteke av årsmøtet før vala. Alle val skal vere skriftlege. Møteleiar kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre ope stemmegjeving, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomiteen og ingen andre forslag ligg føre. Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er fremma forslag på og som har sagt ja til å stille til val. Stemmesetlar som innehelder andre namn, blir forkasta.

Kandidatar som det er fremma forslag på, er:

- Forslag frå valkomiteen - styremedlemmer i alle val unntatt val av ny valkomité
- Forslag frå styret i lokallaget i val av ny valkomité
- Eventuelt kandidatar som blir foreslått under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Blanke stemmesetlar blir rekna som avgitt stemme.

Gjennomføring av vala på årsmøtet
Vala gjennomførast i den rekkjefølga som kjem fram i nummereringa nedanfor:

Utdanningsforbundet

1. Val av lokallagsleiar
Leiaren blir valt først og ved særskilt val.
Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt.
Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal ein halde nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir sett opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lavast stemmetal ut. Nytt val blir holdt mellom dei kandidatane som står igjen. Dette prinsippet følgast til berre to kandidatar står igjen. Ved omval mellom dei to gjenståande kandidatane, er den som har fått flest stemmer valt.
Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, trekk ein lodd mellom kandidatane.

2. Val av nestleiar i lokallaget
Her gjeld dei same valreglane som i punkt 1 *Val av lokallagsleiar*.

3. Val av hovudtillitsvalt som styremedlem
Éin tillitsvalt etter kommunal hovudavtale skal ha fast plass som styremedlem i lokallagsstyret på bakgrunn av at vedkommande er valt som tillitsvalt etter hovudavtalen, (jfr. § 16.5 og § 61.2 i Utdanningsforbundet sine vedtekter.)
Valkomiteen må innstille kven som skal sitte i styret dersom det er fleire hovudtillitsvalte. Det vanlege er at det er den som er valt på første prioriterte plass.

4. Val av øvrige styremedlem
Her velgast det antall medlem av styret som står igjen etter val av leiar og nestleiar.

Ved val av øvrige medlemmer av lokallagsstyret skal stemmesetelen innehalde namn på like mange personar som det er styreplassar som er på val, jf. pkt. 4 i retningslinjene. Ut frå samansetninga av dei som ikkje er på val, dvs. kvinner/menn, leiarrepresentant og tilhøyr i medlemsgruppe, opplysast årsmøtet om kva samansetning som må og/eller bør ivaretakast for å oppfylle kvoteringsparagrafen.

Kvar stemmesetel skal innehalde ei fordeling som tek i vare krava. Stemmesetlar som *ikkje* fyller krava, forkastast.
Ved oppteljinga rangerer ein kandidatane etter stemmetal, men likevel slik at kvinnelege kandidatar med lågare stemmetal går framfor om det skal til for å oppnå ønska minimum del kvinner (50 %).

5. Val av varamedlem til lokallagsstyret
Det velgast minst tre varamedlem i prioritert rekkefølge.
Disse velgast fritt (uavhengig av medlemsgruppe) i særskilte val etter same reglar som for leiar (pkt. 1).

6. Val av valkomité
Jf. § 64.1:
Årsmøtet vel ein valkomité med minimum tre medlemmar, samt varamedlem i prioritert rekkefølge. Valkomiteen er samansett i samsvar med gjeldande kvoteringsregler, jf. § 15. Valkomiteen konstituerer seg sjølv, eventuelt med eit arbeidsutval.
Lokallagsstyret fremmar forslag på medlemmar og varamedlem til ny valkomité for årsmøteperioda. Valkomiteen vel på same måte som medlem av lokallagsstyret. Varamedlemmar vel på same måte som varamedlem av lokallagsstyret.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Valreglementet vert godkjent.

Utdanningsforbundet

1.8 Val av møtefunksjonærar (teljekorps)

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Styret i lokallaget kjem ikkje med innstilling til vedtak. Det vert fremma forslag på årsmøtet.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding

Lokallagsstyret

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Anette Andersen	Rørstadmarka barnehage	Barnehage	Leiar	1.8.2023-1.2.2025
Kristina Terdal Moe	Langevåg skule	Grunnskule	Nestleiar Leiar	1.8.2023-31.1.2025 1.2.2025-31.7.2025
Styremedlemmar				
Kristina Terdal Moe	Langevåg skule	Grunnskule	HTV	1.8.2024-31.7.2026
May Torvnes Dybvik	Måseide barnehage	Barnehage	Leiarrepresentant	1.8.2024-31.7.2025
Camilla Hatlebrekke Otterlei	Langevåg skule	Grunnskule	Styremedlem Kasserar	1.8.2023-31.7.2025
Lars-Idar Leine Vassenden	Solevåg skule	Grunnskule	Styremedlem	1.8.2024-31.7.2026
Silje Rokstad	Langevåg barnehage	Barnehage	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Mary Ann Herø	PPT	(FAS)	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Malene Havnegjerde	Langevåg skule	Barnehage	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Anita Molvær	Langevåg skule	Grunnskule	Styremedlem/ pensjonistkontakt Nestleiar/ pensjonistkontakt	1.8.2023-31.1.2025 1.2.2025-31.7.2025
Vara styremedlemmar				
Linda Navelsaker	Molvær barnehage	Barnehage	1.vara	1.8.2024-31.7.2025

Odd Arne Salen	Sula Ungdomsskule	Grunnskule	2.vara	1.8.2024-31.7.2025
Håvard Hareide Furnes	Rørstadmarka skule	Grunnskule	3.vara	1.8.2024-31.7.2025

Styremøte

I årsmøteperioda vart det halde fire styremøte. To av dei var utvida styremøte, der plasstillitsvalte tok del. Saker som vart handsama:

- Kurs og møteplanar
- Varslingsplanar
- Planlegging og gjennomføring av årsmøte 2024
- Tariff 2024
- Medlemsverving
- Medlemspleie
- Medlemsstipend
- Markering av lærardagen 2024
- Budsjett
- Skulering
- Høyringar og infosaker
- Kontaktforum barnehage og skule

Arbeidsplasstillitsvalde i lokallaget

Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden.

Arbeidsplass	Namn	Verv	Periode
Sula Ungdomsskule	Odd Arne Salen Torgeir Molværsmyr	ATV Vara	1.8.2024-31.7.2025
Langevåg skule	Anita Molvær Martine Rogne	ATV Vara	1.8.2024-31.7.2025
Rørstadmarka skule	Håvard Hareide Furnes Martine Rabben Tronstad	ATV Vara	1.8.2024-31.7.2025-14.1.2025
Solevåg skule	Hanne Fiskerstrand Ristesund Trude Vadset Veibust Dan Kråkenes	ATV Vara Vara	1.8.2024-31.7.2025 1.8.2024-31.12.2024 13.01.2025-31.7.2025
Måseide barnehage	Monica Granhei Linda Renate Vanebo	ATV Vara	1.8.2024-31.7.2025
Sunde barnehage	Anita Eikrem Sissel Nyhaug	ATV Vara ATV	1.8.2024-6.1.2025 1.8.2024-6.1.2025 6.1.2025-31.7.2025
Molvær barnehage	Kristine Sandvik Vadset Signy Vågnes	ATV Vara	1.8.2024-31.7.2025

Langevåg barnehage	Malene Havnegjerde Silje Rokstad	ATV Vara	1.8.2024- 31.7.2025
Vasset Barnehage	Natalie Nybø	ATV	1.8.2024- 31.7.2025
Nymarkbakken FUS barnehage	Elin Højmark Marte Skog Dalebø	ATV Vara	1.8.2024- 31.7.2025
Norlandia Bjørkavåg	June Helen Neverdal Skytterholm	ATV	1.8.2024- 31.7.2025
Rørstadmarka barnehage	Anne Cathrin Larsen	ATV	1.8.2024- 31.7.2025
Fagleg administrativt støttesystem	Camilla Aarset Ryslett Zarya Faraj	ATV Vara	1.8.2024- 31.7.2025
Kyrkjekontoret	Geir Harald Eikrem	Kontakt person	1.8.2024- 31.7.2025

Utval, råd og fora

Lokallagsstyret har oppnemnt eit utval, forhandlingsutvalet, som har bestått av Kristina Terdal Moe (forhandlingsleiar), Odd Arne Salen og Bjørn Olsnes. Det har vore førebuande møter, forhandlingar og jamleg kontakt om prosessen vidare etter brotet.

Medlemmar

Utdanningsforbundet Sula har pr. 9. januar 2025 295 medlemmar. Ei auke på 3,15 %. Den største auka ser vi i grunnskulen. Medlemstalet i privat sektor og' har auka. Pensjonistane utgjer ei stor medlemsgruppe i lokallaget vårt.

Aktivitet i lokallaget

Sentrale kampanjar

Utdanningsforbundet Sula har jobba målretta med oppfølginga av den sentrale kampanjen "Tid for dei minste" og "Berre lærarar er lærarar. Arbeidet omfatta politisk påverknad, informasjon og distribusjon av materiell til medlemmene og arbeidsplassane. Vi har vore aktive i å fremje kampanjens bodskap og sikre at barns rett til kvalifiserte lærarar vert høyrt på politisk nivå.

Organisasjonsutvikling og medlemsstipend

Som del av organisasjonsutvikling har vi støtta medlemmer som ønskjer å delta på kurs og konferansar gjennom lokallagets medlemsstipend.

Medlem har fått delteke på Barnehagekonferansen, ulike digitale kurs og konferansar. Stipendet har blitt tildelt barnehagelærarar, lærarar i grunnskulen, pensjonistkontakt og pensjonistmedlem.
Nye tillitsvalte har fått opplæring gjennom organisasjonens tillitsvaltopplæring.

Trygge og helsefremjande arbeidsplassar

Utdanningsforbundet Sula har vore representert i arbeidsmiljøutvalet (AMU), m.a. knytt til samarbeidet rundt sjukefråvær. Lokallagsleiar har delteke på arbeidsmiljøkonferansen.

Medlemsaktivitet

Lokallaget har arrangert fleire medlemsaktivitetar gjennom året, medlemskino, årsmøte og julelunsj for leiar-medlem.

Lokallagsleiar

I 2024 hadde lokallagsleiar ansvaret for den daglege administrasjonen, med kontortid to dagar i veka. Frå hausten 2024 vart frikjøpet auka med 5 %, og dei vart nytta til andre oppgåver som ikkje fall på dei faste kontordagane. Lokallagsleiar vart valt som medlem i Representantskapet for Utdanningsforbundet (2024-2027).
Lokallagsleiar si primære oppgåve har vore å arbeide med vedtatt satsingsområde for Utdanningsforbundet Sula, og har blant anna drevet politisk påverking, halde styremøte, deltatt på kurs og samlingar, vidareformidla/behandla informasjon frå Utdanningsforbundet sentralt/fylket og samarbeida med lokallagsstyret og hovudtillitsvald.

Hovudtillitsvald

I 2024 hadde Hovudtillitsvalt eit frikjøp på 45 %. Torsdagar er fast kontordag for alle HTV i Sula kommune. HTV hatt ansvar for oppgåver knytt til forhandlingar, medlemsrepresentasjon, arbeidsmiljø, samarbeid med administrasjon i kommunen og dei andre organisasjonane. HTV har arbeidd med vedtatt satsingsområde for Utdanningsforbundet Sula:

1. **Lokale forhandlingar i Sula kommune**
   HTV har leia forhandlingane på vegne av Utdanningsforbundet Sula. Saman med andre organisasjonar gjekk Utdanningsforbundet til brot, som førte til sentral mekling. Prosessen var lang og krevjande, og resultatet vart ikkje klart 2024.
2. **Medlemsrepresentasjon**
   HTV har representert Utdanningsforbundet sine medlem i saker om rettar og arbeidsvilkår, og gitt bistand ved konfliktar med arbeidsgivar.
3. **Informasjon og kommunikasjon**
   Medlem har fått informasjon om lover, reglar, tariffavtalar og avgjersler gjennom møter, e-post og andre kanalar.
4. **Arbeidsmiljø**
   HTV har arbeidd for eit godt arbeidsmiljø gjennom oppfølging av helse, tryggleik og psykososiale

forhold, og samarbeidd tett med verneomboda. I 2024 var HTV medlem av Arbeidsmiljøutvalet i Sula kommune, og representerte organisasjonane i Sula kommune i Administrasjonsutvalet.

5. **Samarbeid med leiinga**
   HTV har delteke i samarbeidsmøte med leiinga for å fremje medlem av Utdanningsforbundet sine interesser og sikre god dialog mellom tilsette og arbeidsgivar.
6. **Opplæring og kurs**
   HTV har delteke på kurs for å styrke kompetansen innan forhandlingar, arbeidsrett og tillitsvaldarbeid.
7. **Bistand**
   HTV har gitt råd og støtte til medlemmene i tvistar med arbeidsgivar i tråd med tariffavtalar og arbeidsrett.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Årsmeldinga for Utdanningsforbundet Sula vert godkjend.

Utdanningsforbundet

2.2 Rekneskap 2024

RESULTAT	Regnskap HiÅ	Budsjett HiÅ	Avvik i kroner	Regnskap forrige år
INNTEKTER				
Kontingentinntekter FY/LOK	-229 204,77	-235 997,00	-6 792,23	-230 402,40
35 % org.intern overføring	0,00	0,00	0,00	38 035,91
Refusjon SPK-midler	0,00	0,00	0,00	-1 940,00
Sum Driftsinntekter	**-229 204,77**	**-235 997,00**	**-6 792,23**	**-194 306,49**
KOSTNADER				
Møtegodtgjøring uten feriepenger	23 650,00	34 650,00	11 000,00	17 550,00
Reisetilskudd hjem - arbeid	1 870,00	3 000,00	1 130,00	2 467,00
Telefondekn.i form av lønnsytelse	9 000,00	4 000,00	-5 000,00	4 000,00
Arbeidsgiveravgift	4 867,32	4 000,00	-867,32	3 404,34
Andre sosiale utgifter	0,00	1 000,00	1 000,00	1 380,00
Sum Lønnskostnader	**39 387,32**	**46 650,00**	**7 262,68**	**28 801,34**
Service/lisenser IKT	1 978,00	1 500,00	-478,00	0,00
Frikjøpsordninger	0,00	20 000,00	20 000,00	22 364,00
Honorar uten oppg.plikt	7 600,00	0,00	-7 600,00	0,00
Data- og kontorrekvisita	2 852,72	2 500,00	-352,72	2 502,30
Diverse kontor- og adm.kostnader	0,00	0,00	0,00	49,90
Sum kontorhold mm	**12 430,72**	**24 000,00**	**11 569,28**	**24 916,20**
Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	0,00	1 000,00	1 000,00	644,00
Passasjertillegg	0,00	500,00	500,00	0,00
Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	0,00	500,00	500,00	127,22
Flybilletter	7 450,20	3 500,00	-3 950,20	3 386,00
Andre reiseutgifter	2 896,00	1 500,00	-1 396,00	1 462,21
Hotell	6 868,80	5 000,00	-1 868,80	2 648,00
Kost etter regning	0,00	1 700,00	1 700,00	1 667,00
Leie kurslokale/møterom	1 500,00	1 500,00	0,00	1 500,00
Bevertning ved møter	53 543,06	35 000,00	-18 543,06	34 787,07
Deltakeravgift møter/kurs	33 505,00	50 000,00	16 495,00	31 061,80
Andre kurs/møte kostnader	7 829,00	0,00	-7 829,00	0,00
Profileringsmateriell	32 853,75	15 000,00	-17 853,75	29 837,25
Støtte andre organisasjoner	5 000,00	5 000,00	0,00	5 000,00
Representasjon, gaver	14 835,00	38 000,00	23 165,00	19 336,44
Streikekostnader	0,00	7 000,00	7 000,00	0,00
Sum reise mm	**166 280,81**	**165 200,00**	**-1 080,81**	**131 456,99**
DRIFTSRESULTAT	**-11 105,92**	**-147,00**	**10 958,92**	**-9 131,96**
FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER				
Bankgebyr	815,50	0,00	-815,50	238,50
Sum Finansposter	**815,50**	**0,00**	**-815,50**	**238,50**
Årsresultat	**-10 290,42**	**-147,00**	**10 143,42**	**-8 893,46**

OVERFØRINGER				
Dispon. årsresult fri egenkapital	0,00	0,00		8 893,46
Sum overføringer	**0,00**	**0,00**		**8 893,46**

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Rekneskap for 2024 vert tatt til vitande.

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Sula for komande årsmøteperiode

I dokumentet *Vi utdannar Norge 2024–2027* ligg den overordna politikken som heile organisasjonen er forplikta til å følgje, og saman med Utdanningsforbundets strategiske plan, utgjer dei viktige styringsdokument for prioriteringar. Utdanningsforbundet Møre og Romsdal vel sine satsingsområde basert på sentralt vedtekne prioriteringar.

Det er både naturleg og ynskjeleg at vi i lokallaget prioriterer vårt arbeid i samsvar med overordna prioriteringar. Definert satsingsområde for årsmøteperioden i Utdanningsforbundet Sula:

Løn og arbeidsvilkår
- Tariff 2025
- Arbeide for å sikre lønn og arbeidsvilkår for leiarar i kapittel 3.
- Konfliktberedskap i samband med tariffoppgjeret
- Følgje opp bemanningsnorm i barnehage og skule
- Synleggjere samanhengen mellom ressursar og arbeidsvilkår.

Styring, leiing og partssamarbeid
- Hovudavtalane og reell medbestemming som sentrale tema for skulering av tillitsvalde.
- Bidra til felles skulering i lovverk og avtalar, til dømes Arbeidsmiljølova og Opplæringslova.
- Drive politisk påverknadsarbeid knytt til økonomi i kommunen.

Kvalitet og profesjonsutvikling
- Bidra til eit godt samarbeidsklima og god arbeidsgivarpraksis.
- Arbeide for å styrke UDF som ein organisasjon også for leiarar – leiaroffensiven.

Organisasjon i utvikling
- Støtte deltaking på kurs og konferansar.
- Verve nye medlemmar og rekruttere tillitsvalde.
- Støtte ATV-ane i deira arbeid for auka aktivitet i klubbane og lokallaget.
- Arbeide for auka fagforeiningsbevisstheit.
- Delta i fylkets nettverksordning for lokallag, PPT, og kontaktforum for barnehage og grunnskule.

Trygge og helsefremjande arbeidsplassar
- Delta på kurs og opplæring.
- Følgje opp saker som gjeld arbeidsmiljø

Utdanningsforbundet

Likeverdsprinsippet

- Opprette eit utval som skal jobbe med likeverdsmodellen for tildeling av ressursar
- Mål for arbeidet er å fremje arbeidsvilkår som gir rammer for god yrkesutøving og som tek i vare kvalitet på opplæringa til born og elevar.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Retningslinjene for årsmøteperioden vert vedtekne.

Sak 4 Budsjett

	Budsjettforslag Utdanningsforbundet Sula 2025	
	INNTEKTER	
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-236 165,00
3295	35 % org.intern overføring	0,00
3990	Refusjon SPK-midler	0,00
	Sum Driftsinntekter	**-236 165,00**
	KOSTNADER	
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	34 250,00
5230	Reisetilskudd hjem - arbeid	1 500,00
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	9 000,00
5400	Arbeidsgiveravgift	5 000,00
5990	Andre sosiale utgifter	0,00
	Sum Lønnskostnader	**49 750,00**
6745	Frikjøpsordninger	0,00
6780	Honorar uten oppg.plikt	0,00
6800	Data- og kontorrekvisita	1 000,00
	Sum kontorhold mm	**1 000,00**
7142	Flybilletter	0,00
7143	Andre reiseutgifter	0,00
7144	Hotell	0,00
7170	Leie kurslokale/møterom	1 500,00
7171	Bevertning ved møter	55 000,00
7172	Deltakeravgift møter/kurs	75 000,00
7190	Andre kurs/møte kostnader	4 000,00
7321	Profileringsmateriell	35 000,00
7420	Støtte andre organisasjoner	5 000,00
7422	Representasjon, gaver	10 000,00
7790	Streikekostnader	0,00
	Sum reise mm	**185 500,00**

	DRIFTSRESULTAT	**85,00**

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Budsjettet vert godkjent.

Sak 5 Innmelde saker

Det kom forslag på ein sak frå ein klubb innan fristen.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Saka vert ikkje handsama i årsmøte i lokallaget då den er ivaretatt.

Sak 6 Val

Inneverande år har styret hatt denne samansetjinga:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Anette Andersen	Rørstadmarka barnehage	Barnehage	Leiar	1.8.2023-1.2.2025
Kristina Terdal Moe	Langevåg skule	Grunnskule	Nestleiar Leiar	1.8.2023-31.1.2025 1.2.2025-31.7.2025
Styremedlemmar				
Kristina Terdal Moe	Langevåg skule	Grunnskule	HTV	1.8.2024-31.7.2026
May Torvnes Dybvik	Måseide barnehage	Barnehage	Leiarrepresentant	1.8.2024-31.7.2025
Camilla Hatlebrekke Otterlei	Langevåg skule	Grunnskule	Styremedlem Kasserar	1.8.2023-31.7.2025
Lars-Idar Leine Vassenden	Solevåg skule	Grunnskule	Styremedlem	1.8.2024-31.7.2026
Silje Rokstad	Langevåg barnehage	Barnehage	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Mary Ann Herø	PPT	(FAS)	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Malene Havnegjerde	Langevåg skule	Barnehage	Styremedlem	1.8.2023-31.7.2025
Anita Molvær	Langevåg skule	Grunnskule	Styremedlem/ pensjonistkontakt Nestleiar/ pensjonistkontakt	1.8.2023-31.1.2025 1.2.2025-31.7.2025

Utdanningsforbundet

Vara styremedlemmar				
Linda Navelsaker	Molvær barnehage	Barnehage	1.vara	1.8.2024-31.7.2025
Odd Arne Salen	Sula Ungdomsskule	Grunnskule	2.vara	1.8.2024-31.7.2025
Håvard Hareide Furnes	Rørstadmarka skule	Grunnskule	3.vara	1.8.2024-31.7.2025

Valkomiteens innstilling til nytt styre:

For 1.8.2025-31.7.2026

Namn	Verv		Innstilling frå valnemda
Styremedlemmer			
Anette Andersen Måseide Barnehage	Styremedlem (B)	Er på val	Gjenval 2 år
Kristina T Moe Langevåg Skule	HTV/ Styremedlem (G) Nestleiar Leiar 1.2.25-31.7.25	Ikkje på val som HTV	HTV Ny 2 år som lokallagsleiar
Camilla Hatlebrekke Otterlei Langevåg Skule	Styremedlem (G)	Er på val	Gjenval1 år
Lars-Idar Leine Vassenden Solevåg Skule	Styremedlem (G)	1 år att	
Silje Rokstad Langevåg Barnehage	Styremedlem (B)	Er på val	Gjenval 2 år
Mary Ann Herø PPT	Styremedlem (FAS)	Er på val	Gjenval 1 år
Malene Havnegjerde Langevåg Barnehage	Styremedlem (B)	Er på val	Gjenval 2 år
Anita Molvær Langevåg skule	Styremedlem (G) Pensjonistkontakt	Er på val	Ny 2 år som nestleiar
Janne Lise Dragsund	Styremedlem (G/leiarrepresentant)	Er på val	Ny 2 år Styremedlem (G) Leiarrepresentant
Varamedlemmer			
Linda Navelsaker Molvær barnehage	Vara til styret (B)	Er på val	Gjenval 1 år
Odd Arne Salen Sula U	Vara til styret (G)	Er på val	Gjenval 1 år
Håvard Hareide Furnes Rørstadmarka skule	Vara til styret (G)	Er på val	Gjenval 1 år

6.1 Val av lokallagsleiar

Valkomiteens innstilling til vedtak:

Kristina Terdal Moe, Langevåg skule, Grunnskule vert vald som lokallagsleiar for perioden 01.08.2025-31.07.2027

6.2 Val av nestleiar

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Anita Molvær, Langevåg skule, Grunnskule vert vald som nestleiar for perioden 01.08.2025-31.07.2027

6.4 Val av andre styremedlemmar

Valkomiteens innstilling til vedtak:

Anette Andersen, Måseide Barnehage, (B) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027
Camilla Hatlebrekke Otterlei, Langevåg skule, (G) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2026
Lars-Idar Leine Vassenden, Solevåg skule, (G) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027
Silje Rokstad, Langevåg Barnehage, (B) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027
Malene Havnegjerde, Langevåg Barnehage, (B) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027
Mary Ann Herø, PPT, (FAS) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027
Janne Lise Dragsund, Rørstadmarka Skule (G/leiarrepresentant) vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027

6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

6.5.1 Val av 1. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Linda Navelsaker, Molvær Barnehage, (B)vert vald som 1. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2026

6.5.2 Val av 2. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Odd Arne Salen, Sula Ungdomsskule, (G)vert vald som 2. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2026

Utdanningsforbundet

6.5.3 Val av 3. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:
Håvard Hareide Furnes, Rørstadmarka Skule, (G)vert vald som 3. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2026

6.6 Val av valkomité

Valkomitéen har bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Anita Beth Quon Eikrem	Sunde Barnehage	Barnehage	K	Leiar i valnemnda	01.08.2024-31.07.2025
Tordis Vie	Langevåg Skule	Grunnskule	K	Medlem av valnemnda	01.08.2024-31.07.2025
Natalie Nybø	Vasset Barnehage	Barnehage	K	Medlem av valnemnda	01.08.2024-31.07.2025
Vara til Valkomiteen					
Tore Flåte Bjørkavåg	Langevåg Skule	Grunnskule	M	1.vara	01.08.2024-31.07.2025

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Anita Beth Quon Eikrem	Sunde Barnehage	Barnehage	K	Leiar i valnemnda	01.08.2025-31.07.2026
Synnøve Molvær Vågnes	PPT	FAS	K	Medlem av valnemnda	01.08.2025-31.07.2026
Nathalie Nybø	Vasset Barnehage	Barnehage	K	Medlem av valnemnda	01.08.2025-31.07.2026
Vara til Valkomiteen					
Dan Kråkenes	Solevåg Skule		M	1.vara	01.08.2025-31.07.2026

6.6.1 Val av valkomité

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Anita Beth Quon Eikrem, Sunde barnehage, (B) vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026
Synnøve Molvær Vågnes, PPT, (FAS) *vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*
Nathalie Nybø, Vasset Barnehage, (B) *vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

Utdanningsforbundet

6.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Dan Kråkenes, Solevåg Skule, (G) vert vald som 1. vara til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026

Avslutning

Avslutning ved lokallagsleiar